

## Møte i Fylkesberedskapsrådet 10. juni 2014 - Referat

Vi var denne gong inviterte til Joint Warfare Center (NATO). Dei er ikkje medlem av fylkesberedskapsrådet men ville gjerne presentere seg sjølv og kva aktivitetar dei held på med på senteret. Første del av møtet gikk derfor med til presentasjonar frå NATO etterfølgd av ei omvising. Etter lunsj innleia fylkesmannen. Det var hennar første møte som leiar av rådet og ho gjekk gjennom dei to viktigaste instruksane som beskriv fylkesmannen si beredskapsrolle og mandatet til fylkesberedskapsrådet. Neste post på programmet var FylkesROS Rogaland. Den blei revidert i desember 2013. Reidar Johnsen presenterte den reviderte analysen med vekt på oppfølging og informerte om at Fylkesmannen ville lage ein oppfølgingsplan. I samband med dette vil Fylkesmannen ta kontakt med utvalde medlemmer av beredskapsrådet for å få til ein dialog om dette. Til slutt heldt Rolf Gordon Roland frå Post- og Teletilsynet eit innlegg om ein ny prioritetsordning for mobiltelefonar, føreliggande planer å styrke mobilnettet i kommunane, status for nedlegging av nettet for fasttelefonar med meir. Presentasjonane til Reidar Johnsen og Rolf G. Roland ligg på vår nettstad til informasjon.

Statens Hus 19. juni 2014

Reidar Johnsen (ref)